

VÅGESTYKKE #5

FILM FRA KINA

dokumentar- animasjon- og kunstfilm

16.–18. og 23.–25. februar 2017

Campus Kronstad

Høgskulen på Vestlandet

Filmane vises i Kultursalen Mimes Brønn

alle dagar kl. 19.00

Stad: Campus Kronstad, Høgskulen på Vestlandet,

Inndalsveien 28, 5063 Bergen.

Buss linje 9 til Kronstad, bybanestopp Kronstad.

Opent for publikum - Gratis - Ingen reservasjon



Vågestykke er ein serie tidsavgrrensa kunstprosjekt ved Høgskolen på Vestlandet frå KORO - Kunst i offentlege rom. Vågestykke skal slå kiler inn i kvardagen på Campus Kronstad frå 2016 til ut 2018. Målet med kunstprosjekta er å aktivisere dei som oppheld seg på og rundt høgskulen og sjå nærmare på skulens samfunnsoppdrag og ambisjonar. Høgskulen har eit aktivt internasjonalt samarbeid og relasjonar til verda omkring oss, ikkje minst med Kina.

Høgskolen har eit formalisert samarbeid med fire kinesiske universitet og normaliseringa dei siste vekene opnar for å styrke disse relasjonane.

Vi har lyst å gje ein smakebit av kva denne kulturen har å by på. Med spennande og prislønte verk av nokon av Kinas viktigaste kunstnarar og filmskaparar.

Programmet er satt saman av Feng Boyi, Zhang Fan, Wang Dong og Bjørn Inge Follevaag i samarbeid med kurator for Vågestykke Sissel Lillebostad og Trond Hugo Haugen.



KORO
KUNST I OFFENTLEGE ROM

**Høgskulen
på Vestlandet**

Brosjyra er sponsa av Bergen Konfutse Institutt



**Foredrag med
kurator Feng Boyi**
Kinesisk film- og kunstvideo

Feng Boyi er ein av Kinas mest kjende samtidskuratorer og kunstkritikarar. Han viser det han meiner på best måte reflekterer livet, kulturelle maktstrukturer, tendensar og samanhengar i den kinesiske kulturen i dag.

Feng Boyi is one of China's most significant art curators and critics of contemporary Chinese art. Feng Boyi tends to showcase what he believes to be relevant in the artist's presentation of issues related to existence, cultural power and contexts of contemporary Chinese culture.

Zhao Zhao
Project Taklamakan
Kunstdokumentar, 20 min 16 sek

I oktober 2015 reiste Zhao Zhao og eit team av 30 medarbeidarar 4000 kilometer frå Beijing inn i Taklamakanørkenen med ein hundre kilometer lang elektrisk kabel, for å kople den til eit kjøleskap fylt med øl, i midten av den tomme ørkenen. Reisa tok 23 dagar.

In October 2015, Zhao Zhao and a thirty-man strong team travelled the 4,000 kilometres from Beijing to Xinjiang with a 100-kilometer cable and a refrigerator full of beer, and then trailed the cable out towards the middle of the desert. The journey took 23 days.

Zhao Zhao er kjend som dokumentaristen til verdkjende Ai Weiwei, men arbeider og som sjølvstendig kunstnar. Han er og stor på den internasjonale kunstscena. Kunsten hans har element av humor, galskap og politisk snert.



Zhang Xiaotao
Sakya
Digital animasjon, 14 min 15 sek

Prosjektet *Sakya* er ei blanding av tibetologi, tibetansk buddhisme, arkeologi og digital teknologi.

The *Sakya* project is a fusion of Tibetology, Tibetan Buddhism, archaeology and digital technology.

Zhang Xiaotao, som representerte Kina på Veneziabiennalen i 2013, er kunstnar og professor i nye medier på Kunstakademiet i Chengdu. Zhang Xiaotao hadde ein av sine første internasjonale utstillingar i Bergen for snart 15 år sidan på Galleri 3,14.



Li Binyuan
Freedom Farming
Kunstdokumentar, 5 min 02 sek

Det forholdet eg har til foreldra mine fungerer som tyngdekrafta. Det å eige jord er heilt vesentleg i landsbyen eg kjem frå, og kvar vesle jordstripe har sin eigen karakter og skjebne – ei skjebne som og er folket si skjebne. Eg brukte kroppen min som reiskap til å markere eigarskap til jorda, men og som ein måte å finne attende til identiteten min.

The influence of my parents on me is like the effect of gravity on matter. In my hometown, owning land is a critical issue. Every inch of the land has its own fate and character, and behind it, it is the fate of the people. With my body I tried to take possession of the land as a necessary way to regain my identity.

Li Binyuan er ein ung kunstnar som og blir lagt merke til internasjonalt. Han arbeider med foto og performans, men og som film-skuespiller. Han er mest kjend for å utsette kroppen sin for store belastningar i verka sine.



Miao Xiaochun

Restart

Digital animasjon, 14 min 22 sek

Restart har i seg element av samanstøyt mellom sivilisasjonar og korleis våre kulturelle og interkulturelle minne er vevd saman ved hjelp av teknologi. Den europeiske kunstkanoenen blir supplert med element frå den høgteknologiske moderniseringa av det urbane Kina.

Restart contains aspects of the clash of civilizations, the entanglement of our technologies and the role of cultural – and intercultural – memories. The canon of European classical art history is supplemented by icons of progress in China's cutting-edge technological and urban modernization.

Miao Xiaochun er professor i digital kunst ved kunsthøgskulen i Karlsruhe, men og ved Central Academy of Fine Arts i Beijing. Han er mest kjend for sine 3D animasjonar og reknast som ein av verdas ypperste på sitt felt.



Tian Xiaolei Digital animasjon

The World, 4 min 40 sek

The Poem, 7 min 29 sek

Nothingness, 2 min 37 sek

Våre digitale hjelpemiddel kan komme til å bli organ med tida og ikkje berre noko vi bærer med oss. Dette er noko vi må venne oss til etter kvart som liva våre vil bli heilt dominert av forskning og teknologi.

Mobile phones and other Internet devices will become an organ of the body in the future. Wearable intelligent hardware has gradually become the mainstream, and life in the future will entirely be based on science and technology.

Tian Xiaolei er ein ung kunstnar som og har festa seg ved det digitale mediet og lagar animasjonar om relasjonen mellom mennesket, kroppen og omgivelsene i en høgteknologisk kvardag.



Zhang Xiaotao

The adventures of Liangliang

Teikna animasjon, 11 min 49 sek

Teiknefilmen beskriv ikkje berre møtet mellom barnet og den vaksne si verd men er og ei samtale mellom ein far og ein son. Barn er både fortida og framtida vår. Kunstnaren undersøker korleis dagleglivet overlappar med ei fantasiverd og ser på haldningar til livet, tida og rommet.

This animation is not only the encounter between the world of an adult and a child, but also a dialogue between a father and a son. Children are our past lives as well as our future. I am trying to explore how daily lives overlap with a fantasy world, discussing our attitude to life, time and space.



Qiu Anxiong

The New Book of Mountain and Seas

(6 min rulletekst)

Maleriet som animasjon, 30 min 14 sek

Filmen er ein svidande kritikk av moderniseringa som har ofra sosial samlnivad på alteret til det ein kallar framsteg. Sosiale framsteg har løfta ca 600 millionar kinesarar ut av fattigdommen men med ein katastrofal konsekvens for miljøet og menneska.

New Book of the Mountains and Seas offers a stinging critique of modernisation that has sacrificed social cohesion on the altar of a so-called progress. Social progress in China is estimated to have lifted 600 million out of poverty but it has come at a terrible environmental and social cost.

Qiu Anxiong sine animasjonar av kinesiske tusjmaleri har vore vist ved både MoMA i New York og Moderna Museet i Stockholm. Han er utdanna ved kunstakademiet i Sichuan og Kunsthøgskulen i Kassel. Han er opptatt av korleis Kina hastar mot kommersialisering og kva slags konsekvensar dette har på samfunnsstrukturen.

LØRDAG 18. FEBRUAR KL 19.00
DEI STORE GREPA



Li Yifan & Yan Yu

Before the Flood

2 timer 24 min 27 sek

Denne prislønte filmen beskriv bygginga av Three Gorges Dam. Hundrevis av lokalsamfunn og tusenvis av byar blei satt under vatn. Ikkje utan kamp og tårer.

This award winning film describes the construction of The Three Gorges Dam. Hundreds of counties and thousands of towns is swallowed up by water, not without struggles and tears.

Li Yifan & Yan Yu vant pris ved filmfestivalen i Berlin for sitt verk om flyttinga av millionar av mennesker i forbindelse med bygginga av verdas største damanlegg.



Ju Anqi

Big Characters

Dokumentar på to skjjermer,
17 min 21 sek/16 min 53 sek

Google Maps viser ørkenen i Xinjiang frå ti kilometers høgd. Ein ser tretti enorme kinesiske bokstavar og eit utropstegn. Kvar bokstav på størrelse med ei fotballbane. Slagord frå Kulturrevolusjonen laga i knust småstein.

Google Maps shows the desert in Xinjiang from 10 miles above. We see thirty enormous Chinese characters and an exclamation mark. Slogans from the Cultural Revolution, built with crushed stone.

Ju Anqi er utdanna ved film-akademiet i Beijing og har fått ei rekke priser, mellom anna frå filmfestivalen i Berlin.

TORS DAG 23. FEBRUAR KL 19.00
PERSONLEGE RELASJONAR



Yin-Ju Chen

Still Transactions

Novelle, 7 min 42 sek

Denne novella beskriv kunstnaren der ho diskuterer pengebruket til mora si under ei feriereise til Amerika. Yin-Ju Chen har dei seinaste åra fokusert på korleis makt, nasjonalisme, rasisme og kollektiv (u)bevisst åtferd fungerer i samfunnet.

In this film the artist has a dialogue with her mother about excessive spending during a holiday trip to America. In the past few years Yin-Ju Chen has focused on the function of power in human society, nationalism, racism, collective thinking or collective (un)conscious behaviour.

Yin-Ju Chen arbeider mest med video og tema som makt, kollektiv åtferd og menneskelige relasjonar. Ho har bakgrunn frå San Francisco Art Institute og Universitetet i Taipei.



Wen Hui

Dancing with my third grandmother

15 min 35 sek

Tidleg i 2011 reiste Wen Hui attende til heimbyen i Yunnan for å finne røtene sine. Der møtte ho for første gang tredje bestemor, Su Meiling, som var 84 år gamal. Su Meiling opplevde å ha venta på henne i 50 år og fortalde Wen Hui familiehistoria. Historia kjem fram lagvis i dansen mellom bestemora og kunstnaren.

In early 2011, Wen Hui returned to her hometown in Yunnan to trace the family history, and met for the first time Third Grandmother, Su Meiling, who was 84 years old. She seemed to have been waiting for her in the past 50 years. She told Wen Hui the family history. Through dance we can see history peeled off layer by layer.

Wen Hui representerte Kina på Venezia-biennalen i 2015, og har eit uavhengig danseselskap ho starta i 1994, som er internasjonalt særskilt anerkjent. Ho er mest kjend for improvisert dans basert på møter med vanlege folk heime og i utlandet.

FREDAG 24. FEBRUAR KL 19.00
KUNST I ANIMASJON



Zhang Xiaotao
The spring of Huangjueping
Klassisk teiknefilm, 60 min

Huang Jueping er eit område der by og land møtes. Vi er som skodespelarar i et teaterstykke som handlar om forfall og attfødsel, tru og galskap, mareritt og verkelegheit. Vår æra er den der personleg og kollektiv erfaring kolliderer med kvarandre. Kva gjer dette med oss, og med sjela vår?

Huang Jueping is an area where urban life confronts rural life. We are performers as well as observers of a play filled with ruin and rebirth, belief and insanity, nightmare and reality. This is an era when personal experience and collective experience clash. How does this affect us, and what does it do to our souls?



Miao Xiaochun
Restart
digital animasjon, 14 min 22 sek



Tian Xiaolei
digital animasjon
The World, 4 min 40 sek
The Poem, 7 min 29 sek
Nothingness, 2 min 37 sek

Zhang Xiaotao
The Adventure of Liangliang,
Teikna animasjon, 11 min 49 sek
Sakya, Digital animasjon, 14 min 15 sek

Qiu Anxiong
The New Book of Mountain and Seas
Maleriet som animasjon, 30 min 14 sek

LØRDAG 25. FEBRUAR KL 19.00
PROGRAMMET OPPSUMMERT



Zhao Zhao
Project Taklamakan
kunstdokumentar, 20 min 16 sek

Zhang Xiaotao,
Sakya
digital animasjon, 14 min 40 sek


Wen Hui
Dancing with my third grandmother
15 min 35 sek

Li Yifan & Yan Yu
Before the Flood
2 timer 24 min 27 sek


VERK PÅ MONITOR I DET
OFFENTLIGE ROM:



Miao Xiaochun
Limitless



Miao Xiaochun, *Microcosm*



Miao Xiaochun, *Samsara*



Miao Xiaochun, *The Feast*

